



Coop Hordaland SA  
Radøyvegen 1680 a  
5936 MANGER

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 14/2161 - 16/14879

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:  
19.11.2016

## Byggesak Gbnr 45/314 Manger - Vognskur - førehandsvarsel om pålegg om retting og varsel om tvangsmulkt

**Heimelshavar:** Coop Hordaland SA

### Saksutgreiing

Det vert vist til Radøy kommune sitt brev datert 12.09.16 med førespurnad om utgreiing om mogleg ulovleg tilhøve, e-post frå Helgesen Tekniske bygg ved Larissa Dahl datert 13.09.16 og brev frå Coop Hordaland ved Roald Valestrand datert 15.09.2016.

Roald Valestrand opplyser at Coop Hordaland SA som eigar av gnr. 45 bnr. 314 vil pålegge leigetakar Extra Manger å flytte vognskuret. Det vert samstundes bedt om tilbakemelding på om Radøy kommune ser på tiltaket som søknadspliktig og om behov for befaring.

Radøy kommune har i brev datert 30.09.2016 opplyst om planstatus og tilhøvet til plan- og bygningslova og veglova.

### Planstatus

Tiltaket ligg innafør kommunedelplan for Manger, planid. 12602007000700, med arealformål forretning og reguleringsplan for Manger sentrum, planid. 12602007000800, med arealformål Parkering P1. Reguleringsplanen har ikkje definert byggjegrænse mot veg. Tiltaket synast også å berører reguleringsplan for Manger Torg, planid. 12602015000300, med arealføremål anna veggrunn og frisisiktsone mot fylkesveg.

---

#### Post

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger


#### Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634



**RADØY**  
den grønne øya



Utsnitt frå reguleringsplan for Manger sentrum og Manger Torg

### Tilhøve til veglova

Det følgjer av veglova § 29 at:

*Byggegrensene skal gå i ein avstand på 50 meter frå riksveg og fylkesveg og 15 meter frå kommunal veg.*

### Vurdering

Radøy kommune vurderer at tiltaket ikkje er søknadspliktig etter Plan- og bygningslova, jf. pbl. § 20-5 e, men er i strid med arealføremål parkering og mogleg i strid med frisiktsone mot fylkesveg etter reguleringsplan for Manger Torg.

Slik tiltaket er plassert vil det også krevje løyve frå statleg og kommunalt vegmynde, Jf. veglova § 29.

### Frist for retting

Det ulovlege tilhøvet må **rettast innan 10.12.16.**

### Førehandsvarsel om vedtak med pålegg om retting

Om det ulovlege tilhøvet ikkje vert retta innan fristen kan saka verte følgd opp med pålegg om retting etter pbl. § 32-3.

Det vert orientert om at dersom eit pålegg ikkje vert følgt, kan kommunen utferde førelegg etter pbl. § 32-6. Eit førelegg vil kunne få same rettsverknad som ein rettskraftig dom og fullbyrdast etter reglene for dommar. Eit førelegg kan tinglysast som hefte på eigedomen.

### Førehandsvarsel om vedtak om tvangsmulkt

Om pålegg om retting ikkje vert etterkome, har bygningsstyresmakta høve til å fastsetje tvangsmulkt etter pbl. § 32-5. Vedtak om tvangsmulkt kan utferdast utan vidare varsel.

Det vert orientert om at pålegg som ikkje vert etterkommen vil kunne følgjast opp med førelegg som kan få verknad som en rettskraftig dom, jf. pbl. § 32-6.

### **Veglova**

Kommunen gjer vidare merksam på at vegstyresmakta med heimel i veglova § 36 kan fjerne vognskuret for eigar sin rekning.

*Blir byggverk eller anna innretning som nemnt i §§ 30 eller 32 plassert eller endra i strid med det som er fastsatt i eller med heimel i denne lova, kan innretninga takast bort, flyttast eller endrast. Den ansvarlege lyt då bere kostnaden, dersom han ikkje sjølv syte for å ta bort, flytte eller endre innretninga innan ein fastsett frist.*

Kopi vert sendt Statens vegvesen og vegmynde i Radøy kommune.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/2161

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland  
konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Radøy kommune - teknsik drift			
Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER

#### **Mottakarar:**

Coop Hordaland SA	Radøyvegen 1680 a	5936	MANGER
-------------------	-------------------	------	--------